



bustadkreditt  
sogn og fjordane



# Kvartalsrapport

3. kvartal 2023 (ikkje revidert)

# Innhald

3	Hovudtal
4	Kvartalsrapport pr. 30.09.2023
7	Resultat
8	Balanse
9	Kontantstraumoppstilling
10	Eigenkapitaloppstilling
11	Notar
20	Opplysningar om selskapet

Framsidefoto: Lene Neverdal

GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS

# Hovudtal

## TAL I TUSEN KRONER

RESULTATREKNESKAP	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Resultat etter skatt	102 406	108 875	118 912
Netto renteinntekter i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,76 %	0,79 %	0,74 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,49 %	0,57 %	0,46 %

## HOVUDTAL FRÅ BALANSEN

Brutto utlån til kundar	25 268 324	26 007 769	27 938 103
Nedskrivning på utlån	34 485	10 754	21 587
Eigenkapital	2 264 850	1 870 407	2 280 444
Forvaltningskapital	26 176 631	27 493 284	28 328 634
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	27 964 425	25 266 388	25 843 097

## ANDRE NØKKELTAL

Kostnader i % av driftsinntekter	7,31 %	6,19 %	7,06 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (Resultatført)	0,05 %	0,00 %	0,04 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (Balanseført)	0,14 %	0,04 %	0,08 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt *)	6,21 %	7,98 %	6,42 %
Kapitaldekningsprosent	22,13 %	17,96 %	20,57 %
LCR (Likviditetsindikator)	918 %	868 %	440 %
NSFR (Likviditetsindikator)	107 %	108 %	104 %

## BALANSEUTVIKLING 12 MND. VEKST

Vekst i forvaltningskapital	- 4,79 %	15,25 %	19,45 %
Vekst i utlån til kundar	- 2,84 %	11,30 %	19,85 %

## OPPLYSNINGAR OM UTLÅNSPORTEFØLJEN

Overdekning i sikringsmassen (mill. kr)	3 715	4 376	6 162
Overdekning i sikringsmassen (%)	17,8 %	20,7 %	28,8 %
Indeksert belåningsgrad	55,1 %	53,3 %	56,9 %
Uindeksert belåningsgrad	59,2 %	59,8 %	60,6 %
Utferda OMF-volum pålydande (mill. kr)	20 942	21 200	21 436
Anna fyllingssikkerheit enn utlån (mill. kr)	244,0	150,4	136,1
Vekta tid sidan låna vart oppretta (år)	3,8	3,3	3,3
Vekta restløpetid for utlåna (år)	19,3	19,7	19,8
Andel lån med flytande rente	99,8 %	100,0 %	100,0 %
Andel lån med fast rente	0,2 %	0,0 %	0,0 %
Andel fleksilån	14,2 %	13,0 %	12,5 %
Gjennomsnittleg volum pr. lån (mill. kr)	1,57	1,59	1,57
Tal lån	16 016	16 334	17 818
Andel lån med trygd i bustad i utlandet	0 %	0 %	0 %

\*) Rekna av inngåande eigenkapital justert for kapitalutviding og utbetalt utbytte.

# Kvartalsrapport 30.09.2023

## Hovudtrekk

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er eit heileigd dotterselskap av Sparebanken Sogn og Fjordane. Selskapet har hovudkontor i Førde.

Gjennom Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har konsernet Sparebanken Sogn og Fjordane sikra langsiktig finansiering til konkurransedyktige vilkår. Finansieringa skjer ved utferding av obligasjonar med fortrinnsrett.

Tenester som kundeoppfølging, forvaltning av lån, dagleg leiing og administrative tenester blir leverte av Sparebanken Sogn og Fjordane.

I starten av 2. kvartal vart det offentleggjort at Sparebanken Sogn og Fjordane blir del av Sparebank 1-alliansen. Som følgje av dette vert det ei strategisk retningsendring også for Bustadkreditt Sogn og Fjordane. Morbanken vil framover nytte seg av det felleseigde Sparebank 1 Boligkreditt ved overføring av lån, og vil som følgje av dette gradvis trappe ned bruken av Bustadkreditt Sogn og Fjordane. Selskapet vil oppretthalde alle sine løpande forpliktingar.

Ved utgangen av september 2023 hadde kredittføretaket 16.016 bustadlån på til saman 25,3 mrd. kr. Låna i sikringsmassen er innvilga av Sparebanken Sogn og Fjordane, og deretter kjøpte av Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS. Ved utgangen av september hadde 99,80 % av låna flytande rente. Av utlåns-volumet er 14,2 % fleksilån.

Gjennomsnittleg lånegrad (vekta etter saldo) er 55,1 %, vekta gjennomsnittleg nedbetalingstid er 19,3 år og vekta tid sidan låna vart oppretta er 3,8 år. Gjennomsnittleg lån pr. kunde er på 1,57 mill. kr. Reduksjon i utlånsmassen siste året er 0,7 mrd. kr og er i tråd med tilpassing til konsernet sin inngong i Sparebank 1 alliansen.

Volumet av utferda obligasjonar med fortrinnsrett er på 20,9 mrd. kr.

## Rating OMF

OMF-programmet til Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS vart i 2011 tildelt Long term rating Aaa av ratingbyrået Moody's, og TPI Leeway vart sett til 2. Ved utgangen av 3. kvartal 2023 er Long term rating framleis Aaa, og TPI Leeway er 4. I juni 2023 fekk BSF tildelt issuer rating A1 av Moodys.

## Berekning av lånegrad

Lånegrad er berekna som bevilgning delt på panteverdi. Panteverdien er fastsett i estimeringsmodellen til Eiendomsverdi AS. Denne modellen blir brukt av alle norske kredittføretak.

## Hovudtal

(Tala i parentes er pr. 30.09.22)

- Resultat etter skatt 102,4 mill. kr (108,9 mill. kr)
- Rentenetto 158,4 mill. kr (149,9 mill. kr)
- Driftskostnader 11,4 mill. kr (9,2 mill. kr)
- Netto tap på finansielle instrument 4,3 mill. kr (tap 2,1 mill. kr)
- Nedskriving på utlån 13 mill. kr (0,6 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning etter skatt 6,21 % p.a. (7,98 % p.a.)
- Rein kjernekapitaldekning 22,13 % (17,96 %)

## Resultat

Resultat pr. 3. kvartal 2023 før skatt er på 131,3 mill. kr. Resultat etter skatt er på 102,4 mill. kr og gir ei eigenkapitalavkastning på 6,21 % p.a. Tilsvarende tal pr. 3. kvartal 2022 var eit resultat før skatt på 139,6 mill. kr, resultat etter skatt på 108,9 mill. kr, og ei eigenkapitalavkastning på 7,98 %. Resultat etter skatt i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 0,49 %, mot 0,57 % på same tid i fjor.

## Netto renteinntekter

Netto renteinntekter er på 158,4 mill. kr. Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer 0,76 % pr. 30.09.23. Tilsvarende tal pr. 30.09.22 var 149,9 mill. kr og 0,79 %.

## Driftskostnader

Driftskostnadene er 11,4 mill. kr, mot 9,2 mill. kr på same tid i 2022. Kjøp av tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane er den største kostnadsposten, følgt av kjøp av tenester frå Eiendomsverdi, ratingkostnader og kostnader ved utlegging av obligasjonar.

Kostnadsprosenten er 7,31 %, mot 6,19 % på same tid i fjor.

## Forventa tap på utlån mv.

Kredittforetaket nyttar Sparebanken Sogn og Fjordane sine retningslinjer for vurdering av forventa tap på utlån, garantiar og unyttta trekkrettar. Selskapet har pr. 30.09.23 17 lån med brutto volum på 19,6 mill. kr i misleghald over 90 dagar. Selskapet har ingen konstaterte tap.

Pr. 3. kvartal 2023 er det tapsført 13 mill. kr grunna endring i forventa tap. Samla balanseført avsetning til forventa tap er på 34,4 mill. kr. For nærare forklaring viser vi til note 3 og 4 der det m.a. er utarbeidd ei sensitivitetsanalyse som viser korleis forventa tap kan bli påverka gitt ulike scenario for utvikling i makroøkonomiske parameter.

## Balansen


Selskapet har ein forvaltningskapital på 26,2 mrd. kr pr. 30.09.23. Forvaltningskapitalen er redusert med 1,3 mrd. kr dei siste 12 mnd. (-4,8 %).

## Utlån til kundar og anna fyllingssikkerheit

I tillegg til bustadlåna på 25,3 mrd. kr, er det etablert anna fyllingssikkerheit med i alt 244 mill. kr. Samla sikringsmasse er 24,6 mrd. kr, og er 17,8 % høgare enn volumet av utferda obligasjonar med fortrinnsrett.

55,3 % av utlånsporteføljen i Bustadkreditt Sogn og Fjordane er innanfor 60% av panteverdien. Risikoen i utlånsporteføljen blir vurdert som låg. Figuren under viser vekta belåningsgrad for låna som ligg i kredittforetaket.

## Belåningsgrad



Den geografiske fordelinga av bustadporteføljen ser slik ut:

### 5 STØRSTE FYLKE I UTLÅNSVOLUM

Fylke	Prosent
Vestland	73,4 %
Oslo	10,3 %
Viken	8,9 %
Møre og Romsdal	1,8 %
Rogaland	1,4 %
Resten av landet	4,2 %
<b>Totalt</b>	<b>100 %</b>

### 5 STØRSTE KOMMUNAR I UTLÅNSVOLUM

Kommune	Prosent
Bergen	17,8 %
Sunnfjord	15,2 %
Kinn	12,3 %
Oslo	10,3 %
Sogndal	5,7 %
Resten av landet	38,7 %
<b>Totalt</b>	<b>100 %</b>

### FORDELING UTLÅNSVOLUM

Lånestørrelse	Volum (mill. kr.)
0 - 1 mill.	2.813
1 - 2 mill	6.746
2 - 3 mill.	6.943
3 - 4 mill.	4.108
over 4 mill.	4.660
<b>Totalt</b>	<b>25.269</b>

## Eigenkapital og kapitaldekning

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har pr. 30.09.23 ein eigenkapital på 2.264,8 mill. kr. Kapitaldekninga er på 22,13 %. Tilsvarende tal for 3. kvartal 2022 var ein eigenkapital på 1.870,4 mill. kr og ein kapitaldekning på 17,96 %.

I 1. kvartal 2023 vart det betalt ut eit utbytte på 118 mill. kr til morbanken.

## Likviditet

Ved utgangen av 3. kvartal 2023 hadde Bustadkreditt Sogn og Fjordane fyllingssikkerheit i form av bankinnskott i Sparebanken Sogn og Fjordane på 244 mill. kr. Selskapet har også obligasjonar til ein bokført verdi på 663,4 mill. kr. Desse obligasjonane ligg utanfor sikringsmassen.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har sterke trekkrettar hos Sparebanken Sogn og Fjordane. Desse skal sikre at selskapet er i stand til å dekkje kundane sine opptrekk på etablerte fleksilån, at selskapet har mellomfinansiering ved overføring av lån frå morbanken til kredittforetaket og finansiering av nødvendig overdekning i sikringsmassen.

## Risiko

Med konsesjon som kredittføretak er Bustadkreditt Sogn og Fjordane underlagt lover, forskrifter og regelverk som set avgrensingar for risikoen selskapet kan vere eksponert for. Styret og dagleg leiar er ansvarlege for at det er etablert ei forsvarleg risikostyring, og at denne er tilstrekkeleg og i samsvar med lover og reglar.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane er utsett for kredittrisiko, operasjonell risiko, likviditetsrisiko og renterisiko. Styret legg vekt på at selskapet skal ha låg risiko. Det er utarbeidd rammer for risiko-eksponeringa knytt til dei ulike risikotypene, og det er etablert system for måling, styring og kontroll av ulike risikotyper.

### Kredittrisiko

Kredittrisiko er fare for tap som følgje av at kundane/motparten ikkje har evne eller vilje til å oppfylle pliktene sine overfor Bustadkreditt Sogn og Fjordane.

Selskapet har i eigen kravspesifikasjon fastsett krav til lån som kan kjøpast frå morbanken. Krava er strenge, og medfører at kredittrisikoen i utgangspunktet er låg. Krava spesifiserer lånetype, lånegrad, risikoklasse og type pant som må vere på plass for å kunne kjøpe låna. Ved utgangen av 3. kvartal 2023 er vekta belåningsgrad i selskapet 55,1 % målt i forhold til godkjend verdi på panteobjekta utarbeidd av Eiendomsverdi AS. Styret vurderer kvaliteten på låneporteføljen som god og kredittrisikoen som låg.

### Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko som oppstår som følgje av at føretaket har posisjonar i utlån og finansielle instrument der verdiane over tid blir påverka av endringar i marknadsprisar. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har ikkje investert i aksjar eller valuta, så all marknadsrisiko knyt seg difor til renterisiko. I risikorammene til selskapet er det sett rammer for kor stor marknadsrisiko selskapet kan ta. Styret legg vekt på at Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS skal ha låg marknadsrisiko.

### Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at føretaket ikkje klarer å oppfylle pliktene sine og/eller finansiere ein auke i eigedelane, utan at det oppstår vesentlege ekstrakostnader i form av prisfall på eigedelar som må realiserast, eller i form av ekstra dyr finansiering. Styret har vedteke at selskapet skal ha låg likviditetsrisiko. Dette blir mellom anna reflektert i krav til storleiken på likviditetsreserven. Kredittavtalane mot morbanken er også viktige for å redusere likviditetsrisikoen til selskapet.

### Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som fare for tap som skuldast menneskelege feil, eksterne hendingar eller svikt og manglar i føretaket sine system, rutinar og prosessar.

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har inngått ein avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane som mellom anna omfattar levering av tenester knytt til kundehandtering, AHV arbeid, administrasjon, IT-drift, økonomi og risikostyring. På desse områda er det banken som må rette opp eventuelle feil som blir gjort og handtere den operasjonelle risikoen. Det er styret si vurdering at dette blir gjort på ein god måte.

## Oppsummering

Selskapet leverer ein rentenetto på 158,4 mill. kr, ein auke på 5,6 % samanlikna med 3. kvartal i fjor. Stigande rentenivå og låge utlånsmarginar gjer til at EK-avkastninga for tida er låg på 6,21 %. Brutto utlån har vore avtakande siste året. Dette er i tråd med tilpassing til at konsernet Sparebanken Sogn og Fjordane bli ein del av Sparebank 1-alliansen. Selskapet har solid kapitaldekning, god kostnads-kontroll og ingen konstaterte tap, og vil oppretthalde alle sine løpande forpliktingar i tida som kjem.

Førde 23.10.2023

Styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Frode Vasseth  
Styreleiar

Ole Aukland

Andrea Kvamsdal

Peter Midthun

Linda Vøllestad Westbye

Irene Flølo  
Dagleg leiar

# Resultat

	Note	3. kvartal 2023	3. kvartal 2022	01.01.-30.09. 2023	01.01.-30.09. 2022	År 2022
Renteinntekter		337 900	185 749	963 274	476 961	743 348
Rentekostnader		289 598	140 523	804 917	327 040	551 947
<b>Netto renteinntekter</b>		<b>48 301</b>	<b>45 227</b>	<b>158 357</b>	<b>149 921</b>	<b>191 401</b>
Provisjonsinntekter		555	559	1 677	1 672	2 234
<b>Netto provisjonsinntekter</b>		<b>555</b>	<b>559</b>	<b>1 677</b>	<b>1 672</b>	<b>2 234</b>
Netto vinst/tap på finansielle instrument		- 3 879	- 397	- 4 315	- 2 120	- 16 957
<b>Sum andre driftsinntekter</b>		<b>- 3 879</b>	<b>- 397</b>	<b>- 4 315</b>	<b>- 2 120</b>	<b>- 16 957</b>
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>- 3 323</b>	<b>162</b>	<b>- 2 638</b>	<b>- 449</b>	<b>- 14 723</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>44 978</b>	<b>45 388</b>	<b>155 719</b>	<b>149 472</b>	<b>176 678</b>
Lønn og andre personalkostnader		0	0	0	0	46
Andre driftskostnader		3 911	3 002	11 388	9 249	12 425
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>3 911</b>	<b>3 002</b>	<b>11 388</b>	<b>9 249</b>	<b>12 471</b>
<b>Driftsresultat før nedskrivning på utlån</b>		<b>41 067</b>	<b>42 386</b>	<b>144 331</b>	<b>140 223</b>	<b>164 207</b>
Nedskrivning på utlån (+)/tilbakeføring nedskrivning(-)	3, 4, 5	1 486	1 049	13 041	639	11 509
<b>Resultat av ordinær drift</b>		<b>39 581</b>	<b>41 337</b>	<b>131 290</b>	<b>139 584</b>	<b>152 698</b>
Skatt		8 709	9 096	28 884	30 709	33 786
<b>Resultat for perioden</b>		<b>30 872</b>	<b>32 241</b>	<b>102 406</b>	<b>108 875</b>	<b>118 912</b>
<b>TOTALRESULTAT</b>						
<b>Resultat for perioden</b>		<b>30 872</b>	<b>32 241</b>	<b>102 406</b>	<b>108 875</b>	<b>118 912</b>
Andre innrekna inntekter og kostnader		0	0	0	0	0
<b>Totalresultat</b>		<b>30 872</b>	<b>32 241</b>	<b>102 406</b>	<b>108 875</b>	<b>118 912</b>

# Balanse

<b>EIGEDELAR</b>	Note	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar		244 367	150 376	136 106
Utlån til kundar	3,4,5	25 233 838	25 997 015	27 916 516
Sertifikat og obligasjonar		663 435	333 716	207 384
Finansielle egedelar		33 582	10 863	68 628
Andre egedelar		1 408	1 001 314	0
<b>Sum egedelar</b>		<b>26 176 631</b>	<b>27 493 284</b>	<b>28 328 634</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>				
<b>Gjeld</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar		2 940 774	4 231 570	4 318 520
Verdipapirgjeld	6	20 344 143	20 975 337	21 352 355
Finanselle derivat		589 616	380 486	340 847
Betalbar skatt		32 814	30 709	31 436
Utsett skatt		0	1 581	3 930
Anna gjeld og avsetningar		4 433	3 194	1 102
<b>Sum gjeld</b>		<b>23 911 781</b>	<b>25 622 877</b>	<b>26 048 190</b>
<b>Innskoten eigenkapital</b>				
Aksjekapital		2 150 000	1 750 000	2 150 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>2 150 000</b>	<b>1 750 000</b>	<b>2 150 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>				
Annan eigenkapital	7	114 850	120 407	12 444
Avsett til utbytte		0	0	118 000
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>114 850</b>	<b>120 407</b>	<b>130 444</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>2 264 850</b>	<b>1 870 407</b>	<b>2 280 444</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>26 176 631</b>	<b>27 493 284</b>	<b>28 328 634</b>

Førde, 23.10.2023

Styret i Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Frode Vasseth  
Styreleiar

Ole Aukland

Andrea Kvamsdal

Peter Midthun

Linda Vøllestad Westbye

Irene Flølo  
Dagleg leiar



# Kontantstrømoppstilling

	30.09.2023	30.09.2022	31.12.2022
Resultat før skatt	131 290	139 584	152 698
Nedskrivning på utlån/garantiar	13 041	639	11 509
Betalt skatt	- 31 436	- 47 872	- 47 872
Reduksjon/auke (-) i utlån til og krav på kundar	2 669 779	- 2 697 797	- 4 628 131
Andre ikkje kontanttransaksjonar	1 781	- 1 012 249	- 13 065
<b>A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar</b>	<b>2 784 455</b>	<b>- 3 617 694</b>	<b>- 4 524 860</b>
Reduksjon/auke (-) i plassering i sertifikat/obligasjonar/derivat	- 421 005	- 69 725	- 1 159
<b>B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar</b>	<b>- 421 005</b>	<b>- 69 725</b>	<b>- 1 159</b>
Auke/reduksjon (-) i lån frå kredittinstitusjonar	- 1 377 745	3 082 311	3 169 260
Auke/reduksjon (-) i verdipapirgjeld/ derivat	- 759 443	796 337	1 133 716
Auke/reduksjon i innbet aksjekapital	0	0	400 000
Utbytte	- 118 000	- 183 000	- 183 000
<b>C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar</b>	<b>- 2 255 188</b>	<b>3 695 648</b>	<b>4 519 976</b>
<b>D) Netto endring likvidar i året (A+B+C)</b>	<b>108 262</b>	<b>8 228</b>	<b>- 6 043</b>
Likviditetsbeholdning inngåande behaldning	136 106	142 148	142 148
<b>Likviditetsbeholdning utgåande behaldning</b>	<b>244 367</b>	<b>150 376</b>	<b>136 106</b>
<b>Spesifikasjon av likviditetsbeholdning</b>			
Innskot i andre finansinstitusjonar	244 367	150 376	136 106
<b>Sum</b>	<b>244 367</b>	<b>150 376</b>	<b>136 106</b>

# Eigenkapitaloppstilling

	INNSKOTEN EIGENKAPITAL Aksjekapital	OPPTENT EIGENKAPITAL Annan eigenkapital	TOTAL EIGENKAPITAL
<b>Inngående eigenkapital 01.01.22</b>	<b>1 750 000</b>	<b>194 532</b>	<b>1 944 532</b>
Utdelt utbytte	0	- 183 000	- 183 000
Kapitalauke	400 000	0	400 000
Resultat for perioden	0	118 912	118 912
<b>Utgående eigenkapital 31.12.22</b>	<b>2 150 000</b>	<b>130 444</b>	<b>2 280 444</b>
<b>Inngående eigenkapital 01.01.23</b>	<b>2 150 000</b>	<b>130 444</b>	<b>2 280 444</b>
Utdelt utbytte	0	- 118 000	- 118 000
Resultat for perioden	0	102 406	102 406
<b>Utgående eigenkapital 30.09.23</b>	<b>2 150 000</b>	<b>114 850</b>	<b>2 264 850</b>

# Notar til rekneskapen

## Note 1 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

### GRUNNLAG FOR PRESENTASJON

Rekneskapen for Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er utarbeidd i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar (IFRS). Delårsrekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 «Delårsrapportering». Alle tal er oppgitt i tusen kr, dersom ikkje anna er oppgitt.

### GENERELT

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat viser vi til årsrapporten for 2022 for Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS. Sjå: [www.ssf.no](http://www.ssf.no).

### ENDRINGAR I REKNESKAPSSTANDARDAR

Det er ingen endringar i rekneskapsstandardar eller tolkingar som har fått effekt for selskapet i 3. kvartal 2023.

## Note 2 Segment

Selskapet har eitt segment. Segmentet består av utlån til privatkundar og eit mindre volum av utlån til private næringsdrivande. Alle utlån er overført frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Selskapet driv ikkje verksemd utanfor Norge. Kundar med adresse i utlandet blir klassifisert som ein del av den norske verksemda.

## Note 3 Resultatførte tap på utlån og unyttta trekkrettar

	3. kv. 2023	3. kv. 2022	Pr. 3. kv. 2023	Pr. 3. kv. 2022	2022
Auke/reduksjon i individuell nedskrivning	0	0	0	0	0
Auke/reduksjon i forventa tap (modellbasert)	1 486	1 049	13 041	639	11 509
Konstaterte tap i perioden dekt av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0	0
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	0	0	0	0	0
Inngang på tidlegare års konstaterte tap	0	0	0	0	0
<b>Resultat av nedskrivning for perioden</b>	<b>1 486</b>	<b>1 049</b>	<b>13 041</b>	<b>639</b>	<b>11 509</b>

## Note 4 Nedskrivning fordelt på trinn i IFRS9

Når eit lån blir innrekna første gangen vil det som hovudregel inngå i trinn 1. Dersom engasjementet har hatt ein vesentleg auke i kredittrisikoen sidan det vart innrekna første gangen blir det overført til trinn 2. Misleghaldne engasjement blir allokert til trinn 3. Der det er gjort ei individuell nedskrivning vil dette overstyre modellberekna tap på engasjementet. Individuell nedskrivning inngår i nedskrivningar i trinn 3 i tabellen under.

Det blei i første kvartal 2023 gjort endringar i tapsavsetningane med bakgrunn i validering av tapsmodellen. Endringane med størst effekt på nedskrivningane er knytt til berekning av sikkerhetsdekning og friskmeldingsrate for lån i misleghald. I tillegg er det gjort endring i regelsettet for overføring av lån til trinn 2 der absolutt grense for endring i PD blei redusert frå 0,75 til 0,5 prosentpoeng. Eit lån blir no flytta til trinn 2 dersom lånet har hatt ei auke i PD på minimum 100 % frå lånet blei etablert og auken i PD er over 0,5 prosentpoeng.

2023	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.23</b>	<b>5 479</b>	<b>11 381</b>	<b>4 726</b>	<b>21 587</b>
Overføringer til trinn 1	203	- 1 980	- 144	- 1 920
Overføringer til trinn 2	- 633	4 260	- 579	3 049
Overføringer til trinn 3	- 8	- 1 268	2 694	1 418
Nye finansielle egedelar utferda eller kjøpt	1 042	2 171	660	3 873
Finansielle egedelar som er frårekna	- 1 442	- 2 331	- 1 429	- 5 203
Endring i modell- og makroparametere	2 490	5 913	5 353	13 756
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 763	- 1 195	- 160	- 2 118
<b>Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 30.09.23</b>	<b>6 369</b>	<b>16 951</b>	<b>11 122</b>	<b>34 442</b>
<b>Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.23</b>	<b>13</b>	<b>31</b>	<b>0</b>	<b>43</b>
<b>Samla nedskrivning på utlån pr. 30.09.23</b>	<b>6 381</b>	<b>16 982</b>	<b>11 122</b>	<b>34 485</b>

	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Inngående nedskrivning på unyttta kredittar og garantiar pr. 01.01.23</b>	<b>105</b>	<b>36</b>	<b>2</b>	<b>142</b>
Overføringer til trinn 1	0	- 4	0	- 4
Overføringer til trinn 2	- 9	25	- 2	14
Overføringer til trinn 3	0	0	0	0
Nye finansielle egedelar utferda eller kjøpt	13	10	0	23
Finansielle egedelar som er frårekna	- 1	0	0	- 1
Endring i modell- og makroparametere	85	59	0	144
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 12	- 22	0	- 34
<b>Nedskrivning på unyttta kredittar og garantiar pr. 30.09.23</b>	<b>181</b>	<b>104</b>	<b>0</b>	<b>285</b>

## Note 4 Nedskrivning fordelt på trinn i IFRS9, framhald

2022	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Inngående nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 01.01.22</b>	<b>2 635</b>	<b>3 989</b>	<b>3 530</b>	<b>10 154</b>
Overføringar til trinn 1	103	- 907	- 205	- 1 009
Overføringar til trinn 2	- 141	1 244	- 107	995
Overføringar til trinn 3	- 10	- 290	1 348	1 047
Nye finansielle egedelar utferda eller kjøpt	1 596	1 930	165	3 691
Finansielle egedelar som er frårekna	- 611	- 1 188	- 2 343	- 4 142
Endring i modell- og makroparametere	584	1 027	- 261	1 350
Konstanterte tap dekkja av tidlegare nedskrivning	0	0	0	0
Andre endringar	- 652	- 723	44	- 1 332
<b>Nedskrivning på utlån til amortisert kost pr. 30.09.22</b>	<b>3 504</b>	<b>5 080</b>	<b>2 170</b>	<b>10 754</b>
<b>Nedskrivning på utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.22</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Samla nedskrivning på utlån pr. 30.09.22</b>	<b>3 504</b>	<b>5 080</b>	<b>2 170</b>	<b>10 754</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Inngående nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 01.01.22</b>	<b>45</b>	<b>17</b>	<b>0</b>	<b>62</b>
Endringar i perioden	29	14	0	43
<b>Nedskrivning på unytta kredittar og garantiar pr. 30.09.22</b>	<b>74</b>	<b>31</b>	<b>0</b>	<b>105</b>

### Framtidige scenario i modell for nedskrivning etter IFRS9

Nedskrivningar skal ifølge IFRS9-regelverket ta inn forventning om framtidig utvikling i mislighald og tap. Banken brukte i 2018 og 2019 ein statistisk modell for å beskrive samanhengen mellom venta utvikling i makroøkonomiske parametrar og framtidig mislighaldsnivå i banken. Koronapandemien og perioden etter førte til så store svingingar i dei makroøkonomiske variablane som inngår som forklaringsvariablar i modellen, at modellen ikkje lenger var egna til å predikere eit framtidig misleghald. Det er difor gjort kvalitative vurderingar av forventa utvikling i mislighaldsnivå og bustadpriser 5 år fram i tid, med bakgrunn i erfaringar frå tidlegare kriser, dei langsiktige forventningane til utviklinga før koronakrisa og utsikter i Norges Bank sin Pengepolitiske rapport. Forventa tap blir berekna ved ei vekting av tapsresultatet frå 3 ulike scenario, sjå under.

Framtidig scenario frå berekning av forventa tap pr. 30.09.23	Misleghaldsnivå/PD målt mot utgangspunkt pr. 30.09.23					Bustadpriser	
	År 1	År 2	År 3	År 4	År 5	Gj. sn. årleg vekst	Vekting av scenario
Scenario 1: Optimistisk scenario privatmarknad	1,50	1,65	1,50	1,35	1,20	3,6 %	25 %
Scenario 2: Venta scenario privatmarknad	2,00	2,20	2,00	1,80	1,60	2,6 %	50 %
Scenario 3: Pessimistisk scenario privatmarknad	2,50	2,75	2,50	2,25	2,00	0,6 %	25 %

## Note 5 Engasjement fordelt på steg i IFRS9

Endring på regelsettet for overføring av lån til trinn 2 i første kvartal 2023, der absolutt grense for endring i PD blei redusert frå 0,75 til 0,5 prosentpoeng, gav ein auke i engasjement i trinn 2 på om lag 990 millionar kroner.

2023	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Brutto utlån til amortisert kost pr. 01.01.23</b>	<b>25 544 763</b>	<b>2 263 849</b>	<b>129 491</b>	<b>27 938 103</b>
Overføringar til trinn 1	511 555	- 502 824	- 8 731	0
Overføringar til trinn 2	- 1 497 423	1 527 387	- 29 964	0
Overføringar til trinn 3	- 19 194	- 85 354	104 548	0
Nye finansielle eigedelar utferda eller kjøpt	3 352 650	423 132	17 385	3 793 167
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 5 089 319	- 485 906	- 25 316	- 5 600 542
Andre endringar	- 811 181	- 89 016	- 5 301	- 905 498
<b>Brutto utlån til amortisert kost pr. 30.09.23</b>	<b>21 991 851</b>	<b>3 051 268</b>	<b>182 111</b>	<b>25 225 230</b>
Nedskrivningar på utlån til amortisert kost pr. 30.09.23	6 369	16 951	11 122	34 442
<b>Netto utlån til amortisert kost pr. 30.09.23</b>	<b>21 985 482</b>	<b>3 034 317</b>	<b>170 989</b>	<b>25 190 788</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Brutto utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.23</b>	<b>34 542</b>	<b>8 551</b>	<b>0</b>	<b>43 094</b>
Nedskrivningar på utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.23	13	31	0	43
<b>Netto utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.23</b>	<b>34 530</b>	<b>8 521</b>	<b>0</b>	<b>43 050</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Samla brutto utlån pr. 30.09.23</b>	<b>22 026 393</b>	<b>3 059 819</b>	<b>182 111</b>	<b>25 268 324</b>
Samla nedskrivning på utlån pr. 30.09.23	6 381	16 982	11 122	34 485
<b>Samla netto utlån pr. 30.09.23</b>	<b>22 020 012</b>	<b>3 042 838</b>	<b>170 989</b>	<b>25 233 838</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.23</b>	<b>2 113 048</b>	<b>55 527</b>	<b>0</b>	<b>2 168 575</b>
Nedskrivning på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.23	181	104	0	285
<b>Netto eksponering på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.23</b>	<b>2 112 868</b>	<b>55 422</b>	<b>0</b>	<b>2 168 290</b>

## Note 5 Engasjement fordelt på steg i IFRS9, framhald

2022	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Brutto utlån til amortisert kost pr. 01.01.22</b>	<b>21 611 310</b>	<b>1 552 094</b>	<b>115 217</b>	<b>23 278 621</b>
Overføringar til trinn 1	480 606	- 457 031	- 23 575	0
Overføringar til trinn 2	- 476 457	481 118	- 4 661	0
Overføringar til trinn 3	- 19 870	- 50 846	70 717	0
Nye finansielle eigedelar utferda eller kjøpt	7 336 965	557 777	12 620	7 907 362
Finansielle eigedelar som er frårekna	- 3 987 230	- 360 374	- 26 639	- 4 374 242
Andre endringar	- 777 044	- 13 327	- 13 600	- 803 971
<b>Brutto utlån til amortisert kost pr. 30.09.22</b>	<b>24 168 280</b>	<b>1 709 411</b>	<b>130 079</b>	<b>26 007 769</b>
Nedskrivningar på utlån til amortisert kost pr. 30.09.22	3 504	5 080	2 170	10 754
<b>Netto utlån til amortisert kost pr. 30.09.22</b>	<b>24 164 776</b>	<b>1 704 330</b>	<b>127 909</b>	<b>25 997 015</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Brutto utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.22</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Nedskrivningar på utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.22	0	0	0	0
<b>Netto utlån til verkeleg verdi pr. 30.09.22</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Samla brutto utlån pr. 30.09.22</b>	<b>24 168 280</b>	<b>1 709 411</b>	<b>130 079</b>	<b>26 007 769</b>
Samla nedskrivning på utlån pr. 30.09.22	3 504	5 080	2 170	10 754
<b>Samla netto utlån pr. 30.09.22</b>	<b>24 164 776</b>	<b>1 704 330</b>	<b>127 909</b>	<b>25 997 015</b>
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Total
<b>Garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.22</b>	<b>1 980 965</b>	<b>28 856</b>	<b>0</b>	<b>2 009 821</b>
Nedskrivning på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.22	74	31	0	105
<b>Netto eksponering på garantiar og unytta trekkrettar pr. 30.09.22</b>	<b>1 980 891</b>	<b>28 825</b>	<b>0</b>	<b>2 009 716</b>

## Note 6 Verdipapirgjeld

	30.09.23	30.09.22	31.12.22
<b>Pålydande verdi:</b>			
Sertifikat og andre kortsiktige låneopptak	0	0	0
Obligasjonsgjeld til amortisert kost	15 917 000	16 900 000	16 411 000
Eigne ikkje amortiserte sertifikat/obligasjoner til amortisert kost	- 254 000	0	0
Obligasjonsgjeld til verkeleg verdi	5 025 000	4 300 000	5 025 000
<b>Sum gjeld stifta ved utskrivning av verdipapir</b>	<b>20 688 000</b>	<b>21 200 000</b>	<b>21 436 000</b>

### Løpetid

Gjenstående løpetid (netto pålydande verdi)

2023	0	2 500 000	2 011 000
2024	1 763 000	2 500 000	2 500 000
2025	5 000 000	3 000 000	3 000 000
2026	4 000 000	4 000 000	4 000 000
2027	4 900 000	4 900 000	4 900 000
2029	1 000 000	1 000 000	1 000 000
2030	1 000 000	1 000 000	1 000 000
2032	525 000	0	525 000
2033	1 000 000	1 000 000	1 000 000
2034	1 000 000	1 000 000	1 000 000
2037	500 000	300 000	500 000
<b>Sum</b>	<b>20 688 000</b>	<b>21 200 000</b>	<b>21 436 000</b>

Nye lån i 2023 **2 000 000**

Netto tilbakebetalningar i perioden **2 494 000**

ISIN nummer	Pålydande	Rente	Kupong-margin	Utløps-dato *)	Bokført 30.09.23
NO0010819170	1 763 000	3 MND. NIBOR	0,42	15.04.24	1 780 366
NO0012916818	2 000 000	3 MND. NIBOR	0,21	15.01.25	2 018 007
NO0010843311	3 000 000	3 MND. NIBOR	0,49	23.04.25	3 028 420
NO0010881048	4 000 000	3 MND. NIBOR	0,49	18.06.26	4 016 202
NO0011008377	4 000 000	3 MND. NIBOR	0,75	27.05.27	4 081 487
NO0010895329	900 000	3 MND. NIBOR	0,40	12.10.27	909 988
NO0012713553	1 000 000	Fast	4,14	04.10.29	1 007 853
NO0010871643	1 000 000	Fast	2,30	19.06.30	879 484
NO0012767963	525 000	Fast	3,80	25.08.23	495 338
NO0010830524	1 000 000	Fast	2,68	31.08.33	860 352
NO0010863772	1 000 000	Fast	2,04	20.09.34	799 811
NO0012654476	500 000	Fast	3,72	31.08.37	466 834

**Sum gjeld stifta ved utskrivning av verdipapir**

**20 344 143**

Tabellen viser ordinære forfall.

\*) Iflg. avtalevilkår kan utløpsdato forlengast med eitt år.

Alle lån er i NOK.

Til inngåtte låneavtalar er det knytt standard lånevilkår.

Selskapet har 6 fastrenteinnlån. Det er inngått sikringsforretning for å motverke verdisvingingane i obligasjonsinnlån og det er i samband med dette innført sikringsbokføring. Det er eit tilnærma 1:1 forhold mellom sikringsobjektet (innlånet) og sikringsinstrumentet (renteswappen).



## Note 7 Kapitaldekning

<b>ANSVARLEG KAPITAL</b>	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Aksjekapital og overkurs	2 150 000	1 750 000	2 150 000
Annan egenkapital	12 444	11 532	12 444
<b>Eigenkapital</b>	<b>2 162 444</b>	<b>1 761 532</b>	<b>2 162 444</b>
<b>Annan kjernekapital</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Frådrag:			
Verdijustering (forsvarleg verdsetting)	- 814	- 359	- 376
Utsett skattefordel	0	0	0
<b>Netto kjernekapital</b>	<b>2 161 630</b>	<b>1 761 172</b>	<b>2 162 068</b>
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>2 161 630</b>	<b>1 761 172</b>	<b>2 162 068</b>
<b>Netto tilleggskapital</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>2 161 630</b>	<b>1 761 172</b>	<b>2 162 068</b>
<b>BEREKNINGSGRUNNLAG</b>			
<b>Kredittrisiko</b>			
Institusjonar	76 489	45 801	56 765
Massemarknadsengasjement	129 719	222 740	275 632
Engasjement med pant i bustad	8 687 829	8 922 827	9 572 531
Forfalne engasjement	171 615	142 115	128 345
Obligasjonar med fortrinnsrett	48 717	23 186	10 143
Andre engasjement	33 582	5 639	26 551
<b>Sum berekningsgrunnlag kredittrisiko</b>	<b>9 147 951</b>	<b>9 362 307</b>	<b>10 069 967</b>
Operasjonell risiko	389 812	398 886	389 812
CVA	231 034	45 923	53 163
<b>Samla berekningsgrunnlag</b>	<b>9 768 797</b>	<b>9 807 116</b>	<b>10 512 942</b>
<b>Overskot ansvarleg kapital</b>	<b>1 380 126</b>	<b>976 603</b>	<b>1 321 033</b>
<b>KAPITALDEKNING</b>			
Kapitaldekningsprosent	22,13 %	17,96 %	20,57 %
Kjernekapitaldekning	22,13 %	17,96 %	20,57 %
Rein kjernekapitaldekning	22,13 %	17,96 %	20,57 %
Uvekta kjernekapitalandel	8,15 %	6,33 %	7,37 %

Kapitaldekninga er utrekna i samsvar med kapitalkravforskrifter (Basel II). Standardmetoden er nytta for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko. Opprinneleg engasjementsmetode er nytta for derivatvirksomhet.

## Note 8 Transaksjonar med nærstående partar

### Transaksjonar med konsernselskap

	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Renter motteke frå Sparebanken Sogn og Fjordane	11 009	3 691	6 483
Renter betalt til Sparebanken Sogn og Fjordane	139 529	54 233	94 911
Renter betalt til Sparebanken Sogn og Fjordane på OMF	205	20 887	21 588
Kjøpte tenester av Sparebanken Sogn og Fjordane	6 310	5 498	7 399
Innskot i Sparebanken Sogn og Fjordane	244 367	150 376	136 106
Gjeld til Sparebanken Sogn og Fjordane	2 940 774	4 231 570	4 318 520
OMF-gjeld til Sparebanken Sogn og Fjordane	0	82 537	0

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har ingen tilsette. Det er inngått avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane om levering av tenester knytt til låneadministrasjon og drift av selskapet. Alle utlån som selskapet har, er overført frå Sparebanken Sogn og Fjordane og det er inngått avtale med banken om forvaltning av denne utlånsporteføljen. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS påtek seg all risiko knytt til låna som er kjøpte frå morbanken. Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS har fått tilgang til sterke kredittfasilitetar hos Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette skal sikre at selskapet er i stand til å dekkje lånekundane sine opptrekk på etablerte fleksilån, at selskapet har mellomfinansiering ved overføring av lån, og finansiering av nødvendig overdekning i sikkerheitsmassen.

Nærare om kredittavtalane:

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS (BSF) har fire kredittavtaler med Sparebanken Sogn og Fjordane (SSF):

- Ein rammekreditt på 1.200 mill. kr. til finansiering av oppgjer ved kjøp av bustadlån frå SSF. Avtalen er ein rullerande kredittfasilitet med ein oppseiingsfrist frå SSF si side på 15 mnd. BSF kan seie opp eller endre ramma med SSF med 14 dagars varsel. Nytt ramma pr. 30.09.2023 er 357 mill. kr.
- Ein kredittavtale som kan nyttast for å finansiere opptrekk på til ei kvar tid ubrukte fleksilånsrammer. Pr. 30.09.2023 er ramma på avtalen 2.168 mill kr.
- Ein kredittavtale knytt til overkollateralisering. Avtalen skal berre nyttast til kjøp av lån som inngår i sikringsmassen, og til kjøp av instrument som kvalifiserer som likviditetsreserve. Ramma pr. 30.09.2023 er på 1.675 mill. kr, og er avhengig av OMF-volumet som til ei kvar tid er utferda.
- Eit langsiktig rammelån. Ramma på lånet er på 1.000 mill. kr og er trekt opp pr. 30.09.2023.

I tillegg til desse fire kredittavtalane er det inngått ein ISDA-avtale mellom BSF og SSF. ISDA-avtalen regulerer all derivathandel mellom partane. ISDA-avtalen har same oppbygging som andre avtalar som SSF har med andre eksterne aktørar der ein dagleg måler verdiendringane av rentesikringsavtalane og der sikkerheit blir utveksla. Ved utlegging av fastrente OMF rentesikrar SSF volumet mot ekstern part og internswappar vidare til BSF.

Alle avtalar og transaksjonar er inngått etter prinsippet om armlengdes avstand.

## Note 9 Fyllingssikkerheit

	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Bankinnskott i morbank	244 367	150 376	136 106
Sertifikat med statsgaranti	0	0	0
Andre sertifikat og obligasjonar	0	0	0
<b>Sum fyllingssikkerheit</b>	<b>244 367</b>	<b>150 376</b>	<b>136 106</b>

## Note 10 Verkeleg verdi på finansielle instrument

### Verkeleg verdi på finansielle instrument som er bokført til amortisert kost

	30.09.23		30.09.22		31.12.22	
	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Balanseført verdi	Verkeleg verdi
<i>Finansielle eigedelar</i>						
Utlån og krav på kredittinstitusjonar	244 367	244 367	150 376	150 376	136 106	136 106
Utlån til kundar (brutto)	25 225 230	25 225 230	26 007 769	26 007 769	27 938 103	27 938 103
<b>Sum finansielle eigedelar til amortisert kost</b>	<b>25 469 597</b>	<b>25 469 597</b>	<b>26 158 146</b>	<b>26 158 146</b>	<b>28 074 208</b>	<b>28 074 208</b>
<i>Finansiell gjeld</i>						
Gjeld til kredittinstitusjonar	2 940 774	2 940 774	4 231 570	4 231 570	4 318 520	4 318 520
Verdipapirgjeld (OMF)	15 834 471	15 833 225	17 040 990	16 919 192	16 568 372	16 565 433
<b>Sum finansiell gjeld til amortisert kost</b>	<b>18 775 245</b>	<b>18 773 999</b>	<b>21 272 561</b>	<b>21 150 762</b>	<b>20 886 892</b>	<b>20 883 953</b>

### Finansielle eigedelar innrekna til verkeleg verdi

<i>Finansielle eigedelar til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet</i>	30.09.23			SUM
	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	0	0	43 050	<b>43 050</b>
Sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi	0	663 435	0	<b>663 435</b>
Derivat, handelsportefølje	0	33 582	0	<b>33 582</b>

### *Finansiell gjeld til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet (brutto)*

Verdipapirgjeld (OMF)	0	4 509 672	0	<b>4 509 672</b>
Derivat, handelsportefølje	0	589 616	0	<b>589 616</b>

### Verkeleg verdi hierarki

Finansielle instrument som er bokført til verkeleg verdi skal delast inn etter nivå:

Nivå 1: Kvoterte prisar i aktive marknader

Nivå 2: Verdi utleia frå observerbare prisar for liknande aktiva direkte eller indirekte

Nivå 3: Verdi som ikkje er basert på observerbare prisar, t.d. verdsetting basert på eigen verdsettingsmodell

# Opplysningar om selskapet

## ADRESSE:

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS  
Langebruvegen 12  
6800 Førde

TELEFON 57 82 97 00

FØRETAKSNUMMER 946 917 990

## LEIING

Irene Flølo Dagleg leiar

## STYRE

Frode Vasseth	Styreleiar
Ole Aukland	Styremedlem
Andrea Kvamsdal	Styremedlem
Peter Midthun	Styremedlem
Linda Vøllestad Westbye	Styremedlem

## KONTAKTPERSON

Irene Flølo, dagleg leiar  
Tlf. 97 66 76 15